



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Alfa Merethe Sefland Winge, 5557 2115

Vår dato
06.07.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/16384 350
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Program for tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Lindås kommune 5. september 2017 og synfaring på Mongstad raffineri og Mongstad base 6. september 2017.

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka og førebuande møte 30. juni 2017 med Hogne Haugsdal og Ståle Hauge om tilsyn og synfaring i Lindås kommune 5. og 6. september 2017.

Fylkesmannen vil med dette brevet m.a. gje nærare informasjon om programmet for sjølv tilsynsdagen. Temaet for dette tilsynet vil primært vere kommunen si oppfølging av §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova, nærare utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Vi har diverre ikkje namn på alle dei vi har sett opp til intervju. Vi ber difor Lindås kommune melde tilbake på dette, sjå utkast til program på neste side.

Vi ber om at kommunen stiller møterom til disposisjon for tilsynsdagen, jf. vedlagde timeplan, samt syte for tilgang til pc og projektor.

Fylkesmannen foreslår at sluttmøtet vert gjennomført tysdag 24. oktober, men vi er samstundes opne for alternative datoar for sluttmøtet, som fortrinnsvis kan gjennomførast per telefon. Det er ønskjeleg at alle som deltek på opningsmøtet òg deltek på sluttmøtet!

Eventuelle spørsmål kan rettast til Alfa Sefland Winge på tlf. 55 57 21 15, eller e-post: fmhoams@fylkesmannen.no, eventuelt Lene Stavseng på tlf. 55 57 21 22, eller e-post: fmholst@fylkesmannen.no.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Alfa Sefland Winge
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**PROGRAM FOR TILSYN MED SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAPS-
ARBEIDET I LINDÅS KOMMUNE 5. SEPTEMBER 2017
OG SYNFARING 6. SEPTEMBER 2017**

Tysdag 5. september

- Kl. 08:30 – 09:00 Opningsmøte med orientering om:
- Bakgrunn og heimel for Fylkesmannen sine tilsyn
 - Tema for tilsynet
 - Gjennomføring av tilsynet og Fylkesmannens oppfølging
 - Eventuelle spørsmål før individuelle samtalar

Det er ønskeleg at alle som er involvert i tilsynet deltek på opningsmøtet! Vi ser òg gjerne at andre med overordna roller i kriseleiinga er til stades på opningsmøtet.

Kl. 09:00 – 15:00 Individuelle samtalar – utkast. Vi ber om tilbakemelding på namn.

09:00 – 09:30	Ordførar	Astrid Aarhus Byrknes
09:45 – 10:15	Rådmann	Ørjan Raknes Forthun
10:30 – 11:00	Ass. rådmann	Hogne Haugsdal
11:10 – 11:30	Plansjef	Frøydis Ones
11:30 – 12:15	Lunsj	
12:15 – 12:30	Sakshandsamar plan og miljøsaker	Namn
12:35 – 12:50	Leiar for teknisk drift	Namn
12:55 – 13:10	IKT-sjef	Namn
13:20 – 13:35	Kommuneoverlege	Namn
13:45 – 14:10	Brannsjef	Karl Johannes Romarheim
14:20 – 15:00	Beredskapskontakt	Ståle Juvik Hauge

Onsdag 6. september

Synfaring på oljeraffineriet på Mongstad og deretter på Mongstad base. Vi ser gjerne at vi får høve til å invitere med representant(ar) frå høvesvis miljøvern- og klimaavdelinga og helse- og sosialavdelinga (fylkeslegen) i tillegg til representant(ar) frå DSB på synfaringane. Kommunen utarbeider opplegg for dagen. Oppstart kl. 09:00.

